



Fondsoversikt

Budsjett 2020



Innhald

1	Fond i Kvam herad	3
2	Status fond	4
3	Bundne fond	6
3.1	Bundne driftsfond	6
3.2	Bundne kapitalfond	8
4	Ubundne fond	8
4.1	Disposisjonsfond	9
4.2	Rekneskapsmessig overskot	9
4.3	Ubundne kapitalfond	10
5	Vedtekter og retningslinjer for Kraftfondet i Kvam herad	11
5.1	Standardvedtekterfor bruk og forvaltning av kraftfond	11
6	Vedtekter for Kvam fiskefond (HST-167/08, 16.12.2008. Arkivsak 08/1045)	15
7	Vedtekter for Kvam viltfond (HST-052/02, 28.05.2002. Arkivsak 2002000568)	16
8	Retningslinjer for Havbruksfondet i Kvam herad	19
9	Fondsbruk/-avsetning	20
9.1	Næringsfond	20
9.2	Fiskefond	20
9.3	Viltfond	20

1 Fond i Kvam herad

Kommunerekneskapen skil seg frå bedriftsrekneskap på ei rekkje måtar. Bl.a. driv ikkje ein kommune med tradisjonelt overskot eller underskot, men har i staden for mindreforbruk eller meirforbruk i høve tildelte budsjetttrammer.

Dersom kommunen har eit mindreforbruk/overskot, vert summen sett av på fond til bruk i komande budsjettår. Har kommunen eit meirforbruk/underskot, må dette dekkast inn med tidlegare avsette fondsmidlar. Ein kommune kan ikkje driva med udekka underskot, og kommunen vert i så fall sett under statleg administrasjon (v/fylkesmann) til dess udekka underskot er dekkja inn, og kommunen driv i balanse eller med mindreforbruk. Det er tilrådd at kommunar årleg har eit netto driftsresultat på 1,75 % av brutto driftsinntekter som kan setjast av på driftsfond som «buffer» for ev. underskot, eller som kan overførast til investeringsrekneskapen til finansiering av ev. investeringar eller setjast av på kapitalfond.

Det kan og koma meir-/mindreforbruk i investeringsrekneskapen. Eventuelle fondsmidlar frå mindreforbruk i investeringsrekneskapen kan ikkje nyttast til drift, men til finansiering av komande investeringar. Fondsmidlar frå investeringsrekneskapen skapar overskotslikviditet som vert plassert i tråd med reglement for fonds- og gjeldsfinansiering. Bruk av fondsmidlar medfører redusert overskotslikviditet, og dermed lågare avkastning på plasseringar.

Fonda er delt opp i drifts- og investeringsfond, og deretter i bundne og ubundne fond innanfor kvar av desse. Investeringsfond vert kalla kapitalfond. Dei bundne fonda må brukast til føremålet til fondet, medan dei ubundne kan disponerast fritt etter fleirtalsvedtak i heradsstyre. Frie driftsfond vert kalla disposisjonsfond. Det er midlane på disposisjonsfond som må dekkja ev. «underskot» i drifta, og det er tilrådd at disposisjonsfond utgjer 4 % av brutto driftsutgifter. I Kvam herad utgjer det om lag 31,8 mnok.

I samband med budsjett/økonomiplan og ev. enkeltsaker for tiltak og prosjekt, vedtek Kvam heradsstyre bruk av/avsetning til fond. Både økonomiplan og prosjekt strekkjer seg over fleire år, og det er viktig å ha oversikt på fondsmidlane over år for å unngå overforbruk. Kommunen merker difor fondsmidlane for vedteken bruk. For nokre få fond, merker kommunen òg framtidig avsetning til fond. Avsetning til fond kan ikkje garanterast, men for næringsfond/kraftfond og fiskefond er det ei fast overføring på om lag 4 mnok til næringsfond og 0,1 mnok til fiskefond for konsesjonsavgift kraftverka må betala til kommunen som kompensasjon for tidlegare kraftutbygging.

Det er og lagt inn bruk og avsetning til disposisjonsfond i tråd med framlegget til økonomiplan, men desse midlane er det knytt stor usikkerheit til, då dei avheng av at årsrekneskapen til kommunen vert akkurat som i framlegget til budsjett/økonomiplan.

Det er ikkje lagt inn merking for bruk/avsetning til sjølvkostfond som vatn og avlaup, då desse fonda er bundne, og vert følgt opp gjennom sjølvkostrekneskapa. Det er heller ikkje lagt inn avsetning for rente på fondsmidlane, slik nokre av dei bundne fonda har krav på.

Næringsfondet har eigne statuttar, medan andre er bundne av eit heradsstyrevedtak. Andre fond er bundne av at dei er gjevne som øyremerka tilskot/midlar eller som testamentariske gåver til særskilte føremål.

2 Status fond

Sjå tabell for status på dei ulike fonda. I tillegg til rekneskapssaldo, er det estimert ein framtidig saldo i slutten av gjeldande økonomiplanperiode. Dette er gjort for å visa bindingar på fondsmidlar frå tidlegare budsjettvedtak.

Oversikten er ikkje komplett, og manglar bl.a. avsetning av rente til fond, men hovudlinjene er på plass.

- Budsjetttert avsetning og bruk av sjølvkostfond er ikkje med, då dette vert fylgt opp på andre måtar.
- Budsjetttert avsetning til Bustadfeltfond er ikkje med, då dette er så usikkert.
- Bruk er berre med for spesifikke prosjekt og øyremerka tilskot.

Fondsmidler i øk.planperiode	Saldo fondsmidler 01.01.2019	Saldo fondsmidler november 2019	Estimert saldo pr. 31.12.23
Øyremerka tilskot, gåver ol.	13 909 077	11 324 437	234 156
Gåver Øysteseheimen	162 135	162 135	162 135
Gåver Strandeb.aldersheim	326 344	326 344	326 344
Gåve Frå Gudrun Mohr 90	21 651	21 651	21 651
Psykiatri	16 872	16 872	16 872
Gåve Sverre Soldal	765 497	765 497	765 497
Gåve til Kalhagen Bufellesskap	9 705	9 705	9 705
Gåve Toloheimen	228 675	204 644	80 617
Gåve Øysteseheimen - B.Botnen	306 307	306 307	306 307
Hardanger/Voss kompetanseregion	50 000	50 000	50 000
Gåver Lokalmed. senter (Rehab.)	32 404	32 404	19 467
Gåver Kvam legevakt	11 265	9 398	9 398
Gåver Mikkelsflaten	9 000	9 000	9 000
Kraftfond	30 532 619	30 930 377	37 594 637
Parkeringsplassar	750 532	750 532	0
Fiskefond	712 833	714 943	714 943
Næringsutvikling i Kvam	6 218 246	4 472 988	-10 722 001
Overførte midlar frå Ålvik vekst	756 631	756 631	756 631
Fond tap på etableringslån	443 756	443 756	443 756
Fond Viltforvaltning	386 187	369 387	509 387
Sjølvcostfond vatn, felles	-50 241	-50 241	-50 241
Sjølvcostfond avlaup, felles	6 026 232	6 026 232	5 926 232
Sjølvcostfond slam	843 705	0	0
Sjølvcostfond feiing	382 973	382 973	382 973
Sum 2.51 bunde driftsfond	62 852 406	58 035 973	37 567 467
Kapitalfond	629 093	629 093	629 093
Uttak Eigenkap.K.Kraftv	23 025 594	20 808 783	-7 152 877
Inv.Fond Kvam Kraftverk	12 797 788	12 797 788	12 797 788
Flyktningefond - investering	140 529	140 529	140 529
Bustadfelt-Fond	27 181 212	27 181 212	9 171 056
Innløyste Formidlingslån	0	0	0
Sum 2.53 ubunde kapitalfond	63 774 215	61 557 404	15 585 588
Innbet. Husbanklån	20 588 795	20 588 795	20 588 795
Tilfluktsrom	500	500	500
Bustad funksjonshemma	840 603	840 603	840 603
Innløyste formidlingslån	6 192 678	6 192 678	6 192 678
Heis Ved Øysteheimen	9 861	9 861	9 861
Gåve T.Breivne Str.Aldersh	7 129	7 129	7 129
Vikøy Kyrkjegardsfond	48 128	48 128	48 128
Tusenårsjubileum	178 235	178 235	178 235
Pumpestasjon	923 598	923 598	-0
Øyremerka tilskot motatt i investering	972 399	972 399	0
Sum 2.55 bunde kapitalfond	29 761 928	29 761 928	27 865 931
Disposisjonsfond	32 543 456	32 660 357	-44 763 667
Mastekompensasjon	3 432 745	3 432 745	3 096 627
Mva.komp. frå investeringsprosjekt	0	0	0
Disp.fond - ekstra kraftinntekter	18 065 863	18 065 863	16 065 863
Kvammabadet KF	10 000 000	10 000 000	0
Havbruksfond	16 193 153	18 664 143	8 464 143
Sum 2.56 disposisjonsfond	80 235 217	82 823 108	-17 137 034
Rekneskapsmessig mindreforbruk	1 338 215	76 315	76 315
Sum 2.595 rekneskapsmessige overskot	1 338 215	76 315	76 315

3 Bundne fond

3.1 Bundne driftsfond

Fondskonto	Fondsnamn	Kommentar
25110001	Øyremerka tilskot, gåver ol.	Kommunen mottek ei rekkje øyremerka tilskot gjennom året, som skal brukast til eit spesifikt føremål. Ofte rekk ein gjerne ikkje bruka opp alle midlane innanfor det enkelte budsjettåret, og resterande midlar vert då sett av på dette fondet i inneverande år, og brukt i komande år. Tilsvarande er det og for gåver som vert gjeve til kommunen til spesifikke føremål. Alle midlar på dette fondet, skal vera merka.
25130001	Gåver Øysteseheimen	Gåver til bruk for personale og tilsette ved Øysteseheimen
25130003	Gåver Strandeb.aldersheim	Gåver til bruk for personale og tilsette ved Strandebarmsheimen
25130004	Gåve Frå Gudrun Mohr 90	Testamentarisk gåve til Øystese aldersheim, HST-87/90, utan bindingar
25130005	Psykiatri	Spesielle tiltak, med spesiell klausul, jf. 9901907-15
25130008	Gåve Sverre Soldal	Testamentarisk gåve, sak 13.02.02, HST-015/02, jf. 9901907-12
25130010	Gåve til Kalhagen Bufellesskap	Gåve til bruk i Kalhagen Bufellesskap i 2005
25130011	Gåve Toloheimen	Gåve til bruk på Toloheimen
25130012	Gåve Øysteseheimen - B. Botnen	Gåve til bruk på Øysteseheimen. Midlane skal brukast til trivselstiltak for bebuarane, og eventuelt til innkjøp av utstyr som direkte kjem bebuarane til nytte.
25130013	Hardanger/Voss kompetanseregion	Øyremerka midlar til bruk Hardanger/Voss kompetanseregion
25130014	Gåver Lokalmed. Senter (Rehab.)	Gåver til bruk på KRB på Toloheimen
25130015	Gåver Kvam legevakt	Gåver til bruk på Kvam legevakt
25130016	Gåver Mikjelsflaten	Gåver til bruk på Mikjelsflaten.

25140002	Næringsfond	Vert tilført ca. 4 mnok per år frå konsesjonsavgift. Eigne statuttar – sjå eige kapittel
25140003	Parkeringsplassar	Midlar frå utbyggingssaker til offentlege parkeringsplassar
25140004	Fiskefond	Eigne vedtekter, sjå eige kapittel
25140005	Næringsutvikling og kompensasjonsmidlar	Fondet brukt til avsetning til/bruk av kompensasjonsmidlar som kommunen får frå fylket. Nokre av midlane skal betalast ut til andre aktørar, medan andre går til finansiering av ulike prosjekt og tiltak. Vedteken bruk av midlane er lagt inn, men ikkje avsetning. Fondet viser difor eit overforbruk.
25140006	Overførte midlar frå Ålvik vekst	Midlane til næringsutvikling vart gjeve av NVE i samband med ny konsesjon for Bjølveutbygginga i 2000, og tenkt bruk til utvikling i Ålvik, og Ålvik vekst vart oppretta. Det står nokre midlar att.
Fondskonto	Fondsnamn	Kommentar
25142051	Fond tap på etableringslån	Kommunen kan setja av nokre av tilskotsmidlane frå Husbanken til eit eige fond for å dekkja ev. tap på vidareformidla etableringslån frå Husbanken.
25160010	Fond Viltforvaltning	Vedtekter HST-52/02 (28.05.02, 2002000568), sjå eige kapittel.
25160031	Sjølvkostfond vatn, felles	Sjølvkostsfond til bruk for produksjon av vatn til abonnentar.
25160032	Sjølvkostfond avlaup, felles	Sjølvkostsfond til bruk for handtering av avlaup for abonnentar.
25160035	Sjølvkostfond slam	Sjølvkostsfond til bruk for handtering av slam for abonnentar.
25164100	Sjølvkostfond feiing	Sjølvkostsfond til bruk for feiing for abonnentar

3.2 Bundne kapitalfond

Fondskonto	Fondsnamn	Kommentar
25510000	Innbet. Husbanklån	Bundne av forskrifter for Husbanklån, midlane må gå til same formål som låna er tekne opp til.
25510001	Tilfluktsrom	Fondet truleg oppretta i nov-94, med uklar status. Vert nytta til P60188 - Tilfluktsrom/arkivrom i 2018 for å skilja desse to funksjonane på rådhuset og for å oppfylle lovkrava.
25510003	Bustad funksjonshemma	Resterande midlar etter sal av husvære som var gjeve som testamentarisk gåve til kommunen. Midlane skal nyttast til finansiering av kjøp av bustad særleg tilrettelagt for funksjonshemma.
25510004	Innløyste Formidlingslån	Fondmidlane kjem frå innbetaling av Husbanklån frå låntakarar, som kan gå til nedbetaling av kommunale innlån frå Husbanken.
25530003	Heis ved Øysteheimen	Fondet eldre enn 1994. Kan truleg nyttast i samband med utbygging på Øysteseheimen.
25530005	Gåve T. Breievne Str.Aldersh	Fondet eldre enn 1994. Fondet kan truleg nyttast i samband med nytt prosjekt for Strandebarmsheimen.
25550001	Vikøy Kyrkjegardsfond	Fondet er eldre enn 1994. Uklart om det er knytt vilkår til bruk.
25550003	Tusenårsjubileum	Rest av øyremerka midlar til tusenårsjubileet.
25563003	Pumpestasjon	Oppretta i 1996. På grunnlag av statstilskot til kloakkpumpe som seinare vart finansiert av kommunen. Kan nyttast truleg nyttast til finansiering av pumpestasjon.
25563004	Øyremerka tilskot mottatt i investering	Branntryggleik Strandebarmsheimen

4 Ubundne fond

Ubundne driftsfond vert kalla disposisjonsfond, og ubundne investeringsfond vert kalla ubundne kapitalfond. I tillegg kan kommunen få fond for «rekneskapsmessige overskot» dersom kommunen har eit mindreforbruk som det ikkje er lagt føringar for, noko som sjeldan skjer.

4.1 Disposisjonsfond

Fondskonto	Fondsnamn	Kommentar
25600000	Disposisjonsfond	«Bufferfondet» til kommunane, som kan brukast til både finansiering av drift og overførast til investering.
25600013	Mastekompensasjon	Fondet vart oppretta då kommunen tok i mot 32 mnok som kompensasjon for master på strekkja Sima-Samnanger. I utgangspunktet er det ingen bindingar, men heradsstyre har i eiga sak vedteke føringar for kva midlane skal brukast til. HST-061/13, 8.10.2013. Arkivsak 13/907-1: - Amenitetar, identitet og stadleg kultur og omdøme, med den hensikt å auka bu- og besøksattraktiviteten i Kvam herad
25600100	Mva. komp. frå investeringsprosjekt	Fondet vart oppretta då kommunane fekk tildelt mva. kompensasjon frå investeringsprosjekt inn i drifta. Ordninga er no avslutta, og midlane enten brukt til finansiering av investeringsprosjekt eller drift.
25600200	Disp. fond – ekstra kraftinntekter	Fondsmidlar frå inntekter utover budsjett
25600300	Kvammabadet KF	Buffer frå mastekompensasjonfond til drift av kommunalt føretak
25600400	Havbruksfond	Årleg utbetaling frå Fiskeridirektoratet for å sikra at oppdrettskommunar får meir igjen for å tilretteleggja for havbruk.

4.2 Rekneskapsmessig overskot

Fondskonto	Fondsnamn	Kommentar
25950000	Rekneskapsmessig mindreforbruk	Midlar frå år med mindreforbruk, der det ikkje låg føringar for bruk av mindreforbruket. Fritt disponible fondsmidlar.

4.3 Ubundne kapitalfond

Fondskonto	Fondsnamn	Kommentar
25300001	Kapitalfond	Fritt til å disponera innan investeringsrekneskapen, med unntak av tidlegare bindingar.
25300002	Uttak Eigenkapital Kvam Kraftverk	Oppretta av HST i sak 98/89 (14.10.97), opphavleg på 25,4 mnok frå uttak av EK frå Kvam kraftverk AS. Lagt til renteavkastning undervegs. Føremålet er økonomisk lønsame prosjekt. I saka vart det vedteke av det måtte vera 2/3-fleirtal i HST for bruk av midlar eller endra reglar for det. Dette er ikkje eit lovleg vedtak, då det alltid skal vera simpelt fleirtal som avgjer saker i HST, og fondet er i realiteten ubunde.
25300003	Inv. Fond Kvam Kraftverk	Oppretta av HST i sak 97/89 (14.10.97), opphavleg på 10 mnok etter uttak frå Kvam kraftverk AS, men lagt til renteavkastning undervegs. Føremålet var eit mellombels uttak av midlar som kan nyttast til ansvarleg lån eller auka av aksjekapital. I saka vart det vedteke av det måtte vera 2/3-fleirtal i HST for bruk av midlar eller endra reglar for det. Dette er ikkje eit lovleg vedtak, då det alltid skal vera simpelt fleirtal som avgjer saker i HST, og fondet er i realiteten ubunde.
25310001	Flyktningefond - investering	Dette er eit tidlegare lån til Kvam herad som vart gjort om til tilskot i juni 2001. Uklar status.
25360003	Bustadfelt-Fond	Fondet vert tilført midlar dersom kommunen sel ei tomt eller ein grunn som ikkje er knytt til prosjekt, sjå eige sak HST-021/05 (01.03.2005, arkivsak 2004000176), og vert brukt til tilsvarande.

5 Vedtekter og retningslinjer for Kraftfondet i Kvam herad

Vedteke i heradsstyret i Kvam 21.03.2017

5.1 Standardvedtekterfor bruk og forvaltning av kraftfond

§ 1 Kraftfond - Heimel, kapital og avkastning

a. Fondskapitalen er:

Kraftfond/Næringsfond på 1 million kroner, innbetalt av Bergen Lysverker i medhald av punkt 2 i konsesjonsvilkåra 26. juni 1981 for regulering og utbygging av Kvitingen Kraftverk.

b. Avkastninga er: Årlege konsesjonsavgifter som vert innbetalt til Kvam herad i medhald av tidlegare og seinare konsesjonar.

c. Renter og annan avkastning av fondskapitalen.

Alle konsesjonsavgifter, renter og anna avkastning skal takast til inntekt for kraftfondet og må disponerast i tråd med vedtektene. Avkastninga kan nyttast til tilskot og/eller lån, medan

fondskapitalen på 1 million kroner ikkje kan nyttast til lån eller tilskot. Tabell nr. 4 viser oversikt over konsesjonar per 2016.

§ 2 Føremål

Kraftfondet skal i hovudsak nyttast til næringsføremål, som for eksempel bedriftsstøtte, tilrettelegging for næringsutvikling i regi av kommunen, stadsutvikling, ulike typar utviklingsarbeid med meir. Fondet kan også nyttast til kommunale investeringar i varige driftsmidlar.

Fondsmidlane kan ikkje nyttast til løpande drift av kommunen. Unntak er renter og avdrag på investeringar som er gjort i tråd med fondet sitt føremål og løn av næringssjef eller tilsvarande for å forvalta fondet.

Det kan ikkje gjevast støtte til bedrifter for å dekkja avdrag og renter på lån eller løypande drift.

Det bør ikkje gjevast støtte til verksemdar som mottek betydelege overføringar over statsbudsjettet.

§ 3 Former for stønad

Stønad gjennom kraftfondet kan gjevast i form av tilskot eller lån. Midlane bør ikkje nyttast til aksjeteikning i private bedrifter. Dersom kommunen teiknar aksjar, kan ikkje dette utgjere meir enn 30% av aksjekapitalen i bedrifta. Denne avgrensinga gjeld ikkje utviklingsselskap, utleigebygg o.l. som kommunen etablerer i samarbeid med private interesser.

§ 4 Forholdet til internasjonale plikter på statsstøtte området

Bruken av fondet må vera i samsvar med dei internasjonale reglane Norge har sluttet seg til på statsstøtteområdet. (Se EØS-avtalens regelverk for offentlig støtte, EØS-tillegget til de

europeske fellesskaps tidende nr. 32 av 3. september 1994 med senere tillegg og endringer).

§ 5 Forvaltning

Ved forvaltning av fondsmidlane skal det leggjast vekt på låg finansiell risiko og høg likviditet. Renter og avdrag tilbakeførast til fondet.

§ 6 Årsmelding og rapporteringsplikt

Det skal leggjast fram ei melding om kraftfondet si verksemd for heradsstyret kvart år. Gjenpart av denne årsmeldinga skal sendast Fylkesmannen og fylkeskommunen.

§ 7 Godkjenning av vedtektene

Heradsstyret skal gjera vedtak om endring av vedtektene.

Vedtaket treng godkjenning av fylkesmannen.

Kopi av godkjende vedtekter skal sendast til fylkeskommunen.

5.2 Retningslinjer for bruken av kraftfondet i Kvam

Standardvedtektene fastset dei ytre rammene for bruk av kraftfondsmidlane.

Innanfor standardvedtektene kan kommunen gjennom eigne retningslinjer snevra inn fondet sine støtteformål, støtteformar og støttevilkår.

Til § 1 Kraftfond - Heimel, kapital og avkastning

Fondskapitalen og konsesjonsavgift skal setjast av på eigen konto i balansen til kommunen, som bunde driftsfond.

Til § 2 Føremål

Støtte til næringsføremål bør vera i tråd med prioriteringar i gjeldande kommunedelplan for næring. I kommunedelplan for næring og kompetanse 2015-2023 er følgjande satsingsområde vedteke:

1. Byggja kompetanse som skapar talent og utnyttar teknologi.
2. Utvikla eit pulserande og sjølvstendig regionsenter.
3. Skapa opplevingar og innhaldsrik fritid.
4. Styrka det etablerte og utvikla det særeigne.
5. Skapa gnist for kreativ og framtidsretta næring.

Fondet kan dekkja opptil 25 % av utgiftene for stilling som næringssjef eller tilsvarende stilling som forvaltar kraftfondet.

Midlane kan ikkje nyttast til føremål som ikkje er i tråd med kommunen sine etiske eller andre interne retningslinjer.

Døme på tiltak som kan få kraftfondsmidlar:

Bedriftsstøtte som til dømes etableringsstipend, opplæring, produktutvikling, marknadsføring, marknadsundersøking og planlegging som ikkje er del av løpande drift.

Kommunalt tiltaks- og næringsarbeid som til dømes næringsplanlegging, etableringsprosjekt, samarbeid skule/næringsliv og stadutviklingsprosjekt.

Kommunale investeringar for tilrettelegging for næringsverksemd som til dømes kommunal tilrettelegging av næringsarealer, fysisk stadutvikling og infrastruktur.

Til § 3 Former for stønad

Støtte skal i hovudsak gjevast som tilskot. Søkjarar som har vorte tildelt tilskot gjennom kraftfondet skal sende inn rekneskap/ årsmelding for det aktuelle år tilskotet vart utbetalt med tilbakemelding om kva betydning tilskotet hadde for det aktuelle året. Eventuelle andre vilkår for utbetaling av tilskot, vert fastsett per søknad.

Berre unntaksvis kan midlane brukast til utlån, då kommunen ikkje har system eller ressursar til å handsama ein låneportefylgje. Eventuelt lån frå kraftfondet skal sikrast med pant. Rente på lån frå kraftfondet skal minst tilsvare rente til sjølvkostfond + 0,5 % rente.

Søkjarar som har motteke lån til prosjekt skal sende inn årsmelding til kommunen inntil lånet er nedbetalt/innfridd.

Midlane skal ikkje brukast til aksjekapital i private bedrifter.

Det vert lagt opp til ein årleg søknadsfrist for bedrifter og tiltak som ynskjer støtte frå fondet, 1. september. Søknadane vert handsama som del av budsjettet.

Søknader til kraftfondet skal skje på elektroniske skjema på kommunen si heimeside www.kvam.kommune.no.

Det vert årleg halde att fondsmidlar på minst 1 mnok per år i gjeldande økonomiplanperiode, til eventuelle tiltak som oppstår i løpet av året som ikkje bør venta til neste budsjettvedtak. Eventuell bruk av midlane i løpet av året, krev heradsstyrevedtak. Rådmannen vert delegert fullmakt til å gje løyvingar på inntil kr 50.000. Rådmannen kan delegera fullmakta i organisasjonen.

Til § 4 Forholdet til internasjonale plikter på statsstøtteområdet

Nettsida www.eftasurv.int inneheld ein oversikt over gjeldande regelverk for offentleg støtte. Sjå også Fornyings-, administrasjons- og kirkedepartementet sin vegleiar om EØS-avtalen sine reglar om offentleg støtte, https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/fad/vedlegg/konkurransopolitikk/offentlig-stotte/offentlig_stotte_veildere_2011.pdf

Offentleg støtte er definert gjennom følgjande kriterier som må vera oppfylt eller ikkje kan utelukkast:

1. Støtta må innebera ein økonomisk fordel for mottakaren
2. Støtta må vera gjeven av staten eller av statsmidlar i ei kvar form
3. Mottakar av støtte må drive økonomisk aktivitet (føretaksomgrepet)
4. Støtta må vera til gunst for enkelte føretak eller produksjonen av enkelte varer eller tenester (selektivitet)

5. Støtta må vri konkurransen eller trua med å vri konkurransen

6. Støtta må vera eigna til å påverka samhandelen mellom EØS-landa

Til § 5 Forvaltning

Fondsmidlane vert plassert i banken som del av kommunen sitt konsernkontosystem, med låg finansiell risiko og høg likviditet.

Rente på kraftfondet skal minst tilsvara rente til sjølvkostfond.

Eventuell tilbakebetaling av rente og avdrag, skal tilbakeførast til fondet.

Til § 6 Årsmelding og rapporteringsplikt.

Avsetning til og bruk av fondsmidlar skal rapporterast årleg som del av årsmelding til Kvam herad. Rapporten bør i tillegg innehalda ei vurdering av fondsbruken i høve næringsplan.

6 Vedtekter for Kvam fiskefond (HST-167/08, 16.12.2008. Arkivsak 08/1045)

§ 1

Midlar frå Kvam fiskefond skal nyttast til å fremja fisket i Kvam herad.

§ 2

Fondskapitalen vert sett til minimum kr 200 000 ved utgangen av 2008 og seinare.

§ 3

Inntekter til fondet vil vera renteavkasting og eventuelle tilskot frå konsesjonær i samband med vassdragsregulering. Eventuelle andre midlar.

§ 4

Rådmann er styre til fondet. Fondsmidlane skal plasserast på renteberande konto slik at fondet er disponibelt til ei kvar tid. Det skal førast eige rekneskap og budsjett for fiskefondet.

Ubrukte midlar skal automatisk overførast til neste års budsjett og tilleggast neste års løyving.

Grunnkapitalen skal i utgangspunktet ikkje brukas, men i spesielle tilfelle kan heradsstyret bestemme at grunnkapitalen kan brukas under føresetnad om at grunnkapitalen så raskt som mogleg bringes opp til minimum.

§ 5

Støtte innanfor rammene kan gjevast av rådmann. Større prosjekt må handsamast av heradsstyret, og helst gjennom handlingsprogram og budsjett.

§ 6

Søknad om støtte frå fondet må fremjast skriftleg. Søknaden skal innehalde:

- Kva tiltaket går ut på, søkjaren si utgreiing og vurdering av tiltaket.
- Opplysningar om søkjaren.
- Investerings- og finansieringsplan
- Kven som er deltakarar og skal utføre arbeidet.

§ 7

Før tilskot kan utbetalast, må fylgjande føresetnader vere oppfylte:

- Tiltaket må vere fullfinansiert
- Rapport og revidert rekneskap skal vere godkjend av Kvam herad

§ 8

Direktoratet for naturforvalting avgjer tvist om forståinga av desse vedtekter.

§ 9

Disse vedtekter tek til å gjelda straks.

7 Vedtekter for Kvam viltfond (HST-052/02, 28.05.2002. Arkivsak 2002000568)

1. Føremål

Midlar frå Kvam viltfond skal skape økonomisk grunnlag for å fremje viltforvaltinga i heradet.

2. Definisjon

Kvam viltfond er eit bunde driftsfond som kommunen forvaltar til viltføremål innanfor dei rammer forskrift om kommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort (23. mai 2001) fastset.

3. Fondstorleik

Fondskapitalen vert sett til minimum kr 30.000 ved utgangen av 2002, minimum kr. 60.000,- ved utgangen av 2003 og minimum kr. 100.000,- ved utgangen av 2004 og seinare.

Fondet skal byggjast opp slik:	Avsetjing i 2002	kr 30.000,-	Fondet er kr 30.000,-
	Avsetjing i 2003	kr 30.000,-	Fondet er kr 60.000,-
	Avsetjing i 2004	kr 40.000,-	Fondet er kr 100.000,-

Midlar utover fondsminimum er disponible

4. Inntekter til fondet

- Offentleg fellingsavgift for hjortevilt,- storleik vert fastsett av heradet i høve til forskrift om kommunale viltfond.
- Eventuelle tilskot frå statleg viltfond.
- Årleg avkastning frå fondet. Viltfondet vert forvalta saman med resten av heradet sin kapital og avkastinga av fondet vert årleg tilført fondet.
- Inntekter frå omsetjing av ulovleg felt vilt og fallvilt av hjortevilt.
- Inntekter frå hjortevilt som er felt etter § 13 i viltlova ("skadeløyyve").
- Eventuelle løyvingar frå heradet.
- Eventuelle andre midlar.

5. Disponering av fondet

Kvam herad disponerer fondet som skal brukast til viltrelatert arbeid i heradet.

Fondet kan brukast til:

- Tiltak for å fremje viltforvaltning, styrke kunnskapen om viltet, jaktorganisering og liknande i heradet og i naboherad gjennom samarbeid i regi av organisasjonar, enkeltpersonar eller heradet sjølv.
- Dekke heradet sine utgifter til ettersøk, handtering av skadd vilt og fallvilt.
- Tiltak for å førebyggje skade på landbruksnæring som skuldast hjortevilt.

Fondet kan ikkje brukast til:

- Heradet sin administrasjon av viltforvaltinga.
- Erstatning for skade som skuldast vilt.
- Skotpremie.

Kvam viltnemnd kan fastsetje meir detaljerte reglar for ulike føremål og tiltaksgrupper.

Retningslinene er eit supplement til forskrift om kommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort, fastsett av Direktoratet for naturforvaltning 23. mai 2001.

6. Forvaltning

Kvam viltnemnd er styre for fondet. Fondstyret kan delegere vidare mynde til rådmann. Fondsmidlane skal plasserast på renteberande konto slik at fondet er disponibelt til ei kvar tid. Det skal først eige rekneskap og budsjett for viltfondet.

7. Fellingsavgift

Storleik på fellingsavgift for elg og hjort vert fastsett årleg i budsjettet til heradet innanfor dei rammer for storleiken på fellingsavgifta som kvart år vert vedteke i Statsbudsjettet.

8. Tildeling av midlar frå fondet

Det kan tildelast midlar frå viltfondet til lag, organisasjonar, verksemder og einskildpersonar.

Når det er aktuelt å tildele midlar frå fondet skal dette gjerast kjent for ålmenta i god tid før eventuell søknadsfrist.

Tilskot skal primært ytast til tiltak av lokal karakter og som ikkje lett kan få statstilskot.

Tilskot vert gjeve etter søknad og på grunnlag av godkjende kostnadsoverslag og at krava til søknad er oppfylte.

8. a) Kva tiltak kan få tilskot

Tilskot kan gjevast til oppgåver innan viltrelatert arbeid i heradet, også viltkartlegging og informasjonstiltak. Tiltak knytt til arbeid med driftsplanar skal tilleggast vekt, og oppgåver som bygger på samarbeid mellom herad, vert prioriterte.

Døme på andre tiltak:

- Arbeid med tilrettelegging, organisering og informasjon om jakt og høve til jakt.
- Tiltak som har som målsetjing å betre bestandsoversyn, oppretting og drift av lokale samarbeidsråd.
- Førebygging mot hjorteviltskade.
- SAM finansiering av prosjekt.
- Andre lokale vilttiltak.

8. b) Krav til søknad

Søknad om støtte frå fondet må fremjast skriftleg før tiltaket vert sett i verk.

Fondsstyret bør fastsetje søknadsfristar.

Søknaden skal innehalde (minimumskrav):

- Kva tiltaket går ut på, søkjaren si utgreiing og vurdering av tiltaket.
- Opplysningar om søkjaren.
- Investerings- og finansieringsplan.

- Framdriftsplan
- Kven som er deltakarar og skal utføre arbeidet

8. c) Utbetaling

- 50% av tilsagnet kan utbetalast ved oppstart før fullstendig investering er gjort.
- Delutbetaling kan skje mot dokumentasjon på gjennomføring med 90 % av tilsagnsummen. Fondsstyret kan gjere vedtak om eingongsutbetaling.
- Frist for gjennomføring av tiltaket er normalt 2 år (tilsagnsåret + to heile kalenderår).
- Administrasjonen får fullmakt til å godkjenne 1 år utsetjing av frist for gjennomføring av tiltaket, etter søknad. Utsetjing utover dette skal handsamast av fondsstyret.
- Dersom det oppstår tilhøve som er strid med føresetnadane for støtta, kan Kvam herad avgjere at tilskot skal betalast tilbake til fondet heilt eller delvis.
- Krav om tilbakebetaling av tilskot kan ikkje setjast fram seinare enn 5 år etter utbetaling.
- Før tilskot kan utbetalast, må fylgjande føresetnadar vere oppfylte:
- Tiltaket må vere fullfinansiert.
- Rapport og revidert rekneskap skal vere godkjend av Kvam herad.
- Krav som vert stilt i gjeldande lover, forskrifter og standardar skal vere oppfylte og naudsynte godkjenningar må liggje føre.

8. d) Sakshandsaming og klage/anke

Støtte innanfor rammene kan gjevast av fondsstyret. Større prosjekt må handsamast av heradsstyret, og helst gjennom handlingsprogram og budsjett.

Klage på kommunale vedtak skal handsamast av fylkesmannen, jmf. Viltlova § 4 siste ledd.

Fondsstyret står fritt til å vurdere tilskotsstorleik innan gjeldande rammer.

8 Retningslinjer for Havbruksfondet i Kvam herad

Vedteke i heradsstyret i Kvam 19.12.2018

Kvam heradsstyre vedtek følgjande retningslinjer for Havbruksfondet:

1. *Midlar frå det statlege Havbruksfondet vert sett av på eit kommunalt disposisjonsfond, Havbruksfond, konto 25600400*
2. *Fondsmidlane kan brukast til*
 - a. *Tiltak i tråd med handlingsplan i kulturminneplan på 2 millionar kroner totalt, fordelt på inntil kr 200.000 per år.*
 - b. *Klima- og energitiltak på inntil 2 millionar kroner.*
 - c. *Betaling av medlemsskap i Nettverk fjord- og kystkommuner (NFKK)*
 - d. *Driftsprosjekt.*
 - e. *Dekking av udekket driftsunderskot dersom dette ikkje kan dekkast av andre fondsmidlar.*
 - f. *Fondet kan nyttast til å styrke kommunen sin forvaltning av naturområde, naturmangfald og reetablering av natur*
3. *Fondsmidlane bør ikkje brukast til*
 - a. *Ordinær drift.*
 - b. *Investeringsprosjekt som kan finansierast med bundne fond*
 - c. *Driftstiltak som kan finansierast med andre midlar, som kraftfond.*
4. *Bruk av fondsmidlar vert fastsett i samband med budsjettarbeid, ev. i tertialar.*

9 Fondsbruk/-avsetning

9.1 Næringsfond

Bilagstekst	Bruk	Avsetnad
Bygdagnist AS -delutbetaling 1	50 000,00	
FjordMoods AS- delutbetaling 1	100 000,00	
Hardangerfjord Adventure AS - delutbetaling	105 000,00	
Norheimsund Havneutvikling	150 000,00	
Helse i hardanger	280 000,00	
Tilskot Breidablik	500 000,00	
Alsaleh Dagligvarer	50 000,00	
Næringsshagen i Hardanger - grunderkurs	112 500,00	
Sum endring fondsmidler	1 347 500,00	-
Netto endring fondsmidler		1 347 500,00

9.2 Fiskefond

Bilagstekst	Bruk	Avsetnad
Statkraft Energi AS		32 440,76
Øystese jeger og fiskarlag	30 331,00	
Sum endring fondsmidler	30 331,00	32 440,76
Netto endring fondsmidler		2 109,76

9.3 Viltfond

Bilagstekst	Bruk	Avsetnad
Stall Stuve - Sluttutbetaling hjortegjerde	16 800,00	
Sum endring fondsmidler	16 800,00	-
Netto endring fondsmidler		16 800,00